



Ventetid på kulturskolen

KULTUR 3



Skotsk speiderleir

UNG 24



Kvinner til Høstscena

KULTUR 2

TIRSDAG

Sunnmørsposten

2 kultur & sport

23. august 2011

smp.no



ARG. Kjell «Kjellen» Bigset slapp si vrede laus på heile nasjonen i går kveld, og held fram i dagane som kjem. Her saman med ein fotograf frå TV2 under innspelninga i sommar.

FOTO: RUNE THOMAS SÆBØNES / MØRE-NYTT

Kjellen set dagsorden

Ei ny og kraftig røyst frå grasrota blandar seg inn i årets valkamp.

HUMOR. – Han er ein mann med meiningar. Og han er ikkje redd for å sette ord på dei. Slik sett er han i sitt ess i ein slik samanheng, seier revyskapar Thomas Ryste frå Ørsta.

Bussjåfør Kjell «Kjellen» Bigset var ikkje skuggeredd då han debuterte foran eit stort nasjonalt publikum på TV2 i går kveld. Mannen med det saftige vokabularet og dei krasse utspela er gjennomgangsfigur i valsendinga «Du bestemmer». Gjennom tretten episodar får han lufta forgassaren i høve kommunesamanslåing, dårlege vegar og anna som opptek ein landsens hissigpropp.

Oppdaga. Det var prosjektleiar for TV2 si valdekning, Stål Talsnes, som kontakta Thomas Ryste etter å ha oppdaga Kjellen på YouTube. Ørstingen var ikkje sein om å takke ja til eit samarbeid. I sommar har dei spelt inn eit og eit halvt minutt lange sketsjar, mellom anna på Sæbø og på sunnmørsferger. Vi får sjå Kjellen i fri utfaldelse, lovar Ryste.

– Ei stund var eg redd for at Kjellen sitt språk skulle bli mektig kost, han legg jo ikkje noko i mellom i sine karakteristikkar. Men Kjellen er Kjellen, og TV2 har latt det meste slippe gjennom, seier Ryste, som var svært spent foran gårsdagens premiere.

– Det er eit stort sprang for oss å skulle opptre på nasjonal tv over så lang tid. Det kjennest



Det kjennest som eit gjennombrøt for oss i Klypa

THOMAS RYSTE

som eit gjennombrøt for oss i Klypa, seier Ryste.

Kontrovers. TV2 sin nyheitsan-

ker Arill Riise skal leie programmet, som skal løfte lokale politiske saker opp på riksnivå. Med drahjelp frå Kjellen trur han at dei skal skille seg ut i valkampdekninga.

– Under lokalvalga er det ofte eit problem at rikspolitkarane får dominere i media. Det er heilt klart ei utfordring å gjere lokalsaker interessante for sjåarar over heile landet, men Kjellen er i hvert fall med på å gi grasrota ei stemme. Og han gir valkampen eit sårt tiltrengt glimt i auget, sa ein forventningsfull Riise før gårsdagens premiere. «Du bestemmer» skal sendast fire dagar i veka, og Riise har god tru på at Kjellen skal bli eit nasjonalt fenomen – sjølv om det ikkje er heilt utan forbehold dei slepp laus ein rabiatt bussjåfør på skjermen,

– Det er mogleg at halve befolkninga ikkje skjønner eit kløyva ord, og at resten får bakoversveis av dei kraftige glosene. Ein kjem i alle fall ikkje uberørt frå eit møte med Kjellen. Men programmet går seint på kvelden, og eg trur publikum toler såpass, seier Riise.

Uvisse. Kjellen Bigset sine eigne politiske sympatiar kjem vi aldri til bunns i, seier Thomas Ryste.

– Det er ikkje godt å si kor han står. For Kjellen er dette berre ein vanleg dag på jobb. Han virrar jo konstant mellom sint, glad og heilt ulike standpunkt.

BJØRN VATNE
bjorn.vatne@smp.no